

## ATTRAKSJON SUNNHORDLAND

***Eit prosjekt med mål å skape vekst i verdiskaping og arbeidsplassar i Sunnhordland med den kompetansen og dei gitte forutsetningane regionen Sunnhordland har.***

*«Sunnhordland er ukjent mark utanfor regionen», Invest in Norway*

*«Regionen står i fare for å forvitre mellom dei sterke regionane Stavanger og Bergen» sitat Victor Normann*

## Sunnhordland står føre store endringar som vil påverke næringslivet og arbeidsplassar.

- **Næringslivet i Sunnhordland og dermed regionen Sunnhordland er ikkje skjerma for dynamikken i det som skjer globalt** innanfor det breie begrepet miljø (grøn teknologi), havbruk, motstand mot globalisering og endra forbruksmønster osv...
- **Regionen er sårbar for globale markedstrendar**, noko som er dokumentert gjennom svingingar i det globale prisnivået på eksempelvis aluminium og råolje dei siste åra.
- Ein vesentleg del av industriproduksjonen er direkte eller indirekte knytt opp mot olje og gass

Forprosjektet har gjennomført diskusjonar med lokale industrileiarar. Den samstemte konklusjonen er at «me har ikkje noko val, me må gjere regionen synleg på eit heilt anna nivå enn det me gjer i dag».

Kværner.  
Wärtsilä Norge  
Hydro Husnes.  
Haugaland Kraft.  
SKL

*Steinar Røgenes*  
*Hans Petter Nesse*  
*Johan Berg*  
*Olav Linga*  
*John Martin Mjånes*

- **Regionen har eit akutt behov for å synleggjere sin kompetanse og kapasitet.** Regionen må stå fram som attraktiv for innanlandske -og utanlandske bedrifter og investorar.
- **Det er ingen overordna koordinerande funksjon i regionen.** Me må ta tak i utfordringane og få med kommunane og bedriftene i Sunnhordland (Regionen) i arbeidet med å bygge opp attraksjonen til regionen.
- Analysen og forprosjektet konkluderer med at me må etablere ein funksjon, Attraksjon Sunnhordland, som spesifikt har fokus på regionen Sunnhordland.

***Målet er vekst i verdiskaping og arbeidsplassar med utgangspunkt i den kompetansen og dei gitte forutsetningane regionen Sunnhordland har.***


## Sunnhordlands-regionen har mange «urettvise fordeler» som ikkje lar seg kopiere og som me må få fram:

- havet og det havet byr på
- tilgang på areal til og i sjø
- kraft
- verdsløiande teknisk kompetanse innafor
  - olje og gass
  - aluminiumsproduksjon
  - maritim industri
  - marin industri
- nasjonalt og til dels globalt leiande innan maritim teknologi retta mot bærekraft, fornybart -og null utslipp
- tilgang på høgt utdanna folk innan så vel akademia som fag
- **Me har dårleg tid...** Det er nokre tog som går no, eksempelvis etablering av bedrifter som har fokus på grøn teknologi.


- Det er stor konkurranse om investeringar og nyetableringar. Det betyr at me må fokusere på å få investeringar til Region Sunnhordland.
- Me skal ta med oss dei erfaringane andre regionar har gjort, og me skal samarbeide med andre regionar, nære og fjerne, der dette er naturleg.
- \*)Samarbeidet med Vestland Fylke og Invest in Bergen skal være tett, koordinert og effektivt




Me må kartlegge Regionen for å få fram våre sterke og svake sider. Det me er sterke på skal me marknadsføre, og det me er svake på kan me bruke i planarbeidet.



# Attraksjon Sunnhordland









- **Kostnad og finansiering:**
  - Stipulert til 2,2 MNOK/år
  - Finansiering er tenkt å være eit spleiselag mellom fylket, dei kommunane som er med og næringslivet
  - Etablert næringsliv vil bidra inn i prosjektet med egne timar. Dette vil utgjere ein betydeleg verdi.
- **For din kommune sin andel så får du bl.a.:**
  - Profesjonell og fokusert marknadsføring av kommunen og regionen gjort av folk som kun har Sunnhordland og din kommune i fokus.
  - Analyse av kommunen sine mogelegheiter basert på det grunnlaget som er der (eksisterande næringsliv, kompetansen i kommunen, infrastruktur –eller mangel på infrastruktur osv.). Saman med kommunen definerer me dei områda det skal satsast/fokuserast på.
  - Informasjonsdatabase om kommunen og regionen. Samle inn presis informasjon om kva dei ulike lokasjonene kan tilby. På den måten vil me kunne tilby interessenter seriøse alternativer i fyrste kartleggingsfase. Databasen vil fungere som eit verktøy for Attraksjon Sunnhordland, som ein felles database for kommunane, som eit kommunalt verktøy,, og deler vil bli gjort tilgjengeleg gjennom portalen *Attraksjon Sunnhordland*
  - Saman med analysen av kommunen sine mogelegheiter, vil databasen være eit nyttig verktøy i arbeidet med kommuneplaner.
  - Tilgang til erfarne bedriftsfolk for relasjonsbygging og forhandling.
  - Attraksjon Sunnhordland vil knyta seg opp mot/vera del av eit større fylkeskommunalt og nasjonalt økosystem.

- Nøyaktige data om alt som er av betydning for ein bedrift/investor når han skal velge ein lokasjon er kritisk.
- Invest in Norway har ei spesifikasjon på kva informasjon som må være tilgjengeleg, men har ikkje eit datasystem som kan handtere slik informasjon.
- Me har, i forprosjektet, no kjøpt New Kaupang sitt system og utviklar no dette til å passe for oss.
- Systemet er både eit intranett (der kva kommune legg inn relevant informasjon og ein ekstern platform (WEB side) der me saman bestemmer kva andre skal få sjå. All informasjonen er søkbar og må vedlikehaldas kontinuerleg.
- Systemet har stor fleksibilitet og me kan justere dette for oss.
- Systemet ser me for oss og kan brukast av andre med tilpassingar.
- Me er no i sluttfasen og når det er ferdig så kan me starte dette arbeidet saman med kommunane.

- Fokusområda kan me ikkje konkludere i dag, men etter vårt syn må dei ligge innanfor det me er sterke på:
  - Ekspansjon innanfor marin industri
  - Bygge på den eksisterande olje og gass kompetansen
  - Bygge på prosess (eksempelvis aluminiumsproduksjon) kompetansen
  - Bygge på vår maritime industri
  - Utnytte den lokale krafttilgangen
  - Nærleik til havet generelt.
  - Eksisterande og framtidig industriareal
- Den einskilde kommunen må definere sine områder, men me må saman prioritere slik at ikkje spennet vert for stort.
- Dette er noko av det fyrste me må verte einige om.